

25.11.2009

Musikklaget trimmar forma til julegrantenninga



Kornettrekka under øvinga tirsdag: Vegard Døssland(f.v.), Albert Ove Nybakk, Bjørgulg Eik og Gunnvald Friheim.

Julespelinga sikrar at Musikklaget vert samla til øving. Tirsdag møttest musikarane til den andre øvinga for sesongen. Naturlegvis var det dei kjende og kjære julesongane som tona frå instrumenta. Det et svært tradisjonsrike arrangement dei først og fremst over fram mot: julegrantenninga 4. desember og julefesten i Vonheim i romjula.

Dei fleste musikarane er i høgste grad for veteranar å rekna. Bjørgulg Eik var som kjent med og spela under den første julegrantenninga i 1963. Men Håvard Eik og Vegard Døssland stod for eit svært ungdommeleg innslag. Ein har og godt håp om å få med fleire unge og veltrimma musikarar fram mot tenninga.

Den faste pyntegjengen, Lars Myklebust, Knut Stensletten, Ståle Eik og Gunnvald Friheim satsar på å ha vergudane på si side slik at lyslekkjene kjem på plass på grana lørdag føremiddag. Før det skal dei har "service" på lysa og sjekka at alt er i orden.

Julegrantenninga skjer som kjent i samband med Dammevennene sin julemarknad neste fredag. Den har vore ein stor suksess med stor publikumstilstrøyming tidlegare år. Det er eit flott arrangement som set folk i den rette førjulsstemninga, og det er gode grunnar til å tro at det kjem mykje folk i år og.



Ingenting vert overlate til tilfeldighetene. Her er Gunnvald'n framme med stemmeapparatet for å sjekka at kornetten til Bjørgulven ikkje er ustempt.